



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

03 NOV 2014

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Eva Birgitte Teige - <tomt>

Vår referanse:
2014/070763-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.10.2014

Klage på avslag om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gnr. 40 bnr. 1 - Sveio kommune

Statens vegvesen har motteke klage på avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsle til fv 47 hp 2 km 1,800 for to nye bustader som er tenkt frådelt frå gnr 40 bnr 1 i Sveio kommune. Eigedomen er ikkje regulert og ligg som LNF føremål i kommuneplan for Sveio 2011-2023, noko som krev søknad om dispensasjon.

Sveio kommune har gjeve dispensasjon frå Plan og Bygningslova for frådeling og oppføring av to bustader. Dispensasjonssøknaden vart ikkje sendt til uttale til Statens vegvesen, noko det etter vår meining burde blitt gjort. Det er sett som vilkår i dispensasjonen at det må søkast om utvida bruk av avkjørsle etter Veglova.

Ein svært mangelfull søknad om utvida bruk vart motteken og det vart vurdert å sende den i retur. Me gav avslag på søknaden grunna trafikksikkerheit for evt ungar som skal gå til skulen og til idrettsanlegg som ligg like ved skulen. Det var i søknaden ikkje opplyst at det var gjeve dispensasjon frå PLB, og etter purring til kommunen fekk me tilsendt vedtaket og skisse på føreslegen skuleveg. Den ligg vedlagt. Slik me ser det går ungar alltid kortaste vegen, og det innteikna forslaget kan verke urealistisk.

Det er starta opp eit planarbeid for kanalisering av krysset inntil Sveio sentrum. Der er ikkje planar om planfri kryssing på staden, noko som vil gjere at ei kryssing i plan vil gje større risiko grunna fleire felt å krysse over for mjuke trafikantar. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og det er god sikt i begge retningar. ÅDT i krysset er 4300 nordover og 4700 sørover.

Fv 47 ligg i strengaste kategori i Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser. Her skal vegane i prinsippet vere fri for avkjørsler, og nye avkjørsler og utvida bruk av avkjørsler utanom til primærnæring som er bunden til areala, skal berre godkjennast etter reguleringsplan eller etter veglova. Sveio kommune krev reguleringsplan for fire eller fleire bustadeiningar.

Rammeplanen er eit verktøy for handsaming av enkeltsaker om byggegrenser og avkjørsler etter veglova §29-30 og §40-43. Den skal gje forvaltningsorganet høve til å vurdere saker likt på tvers av fylkesgrensene.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Olvikvegen 50
5416 STORD

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Rammeplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggest til grunn ved handsaming av avkjørsler- og byggegrensesaker. Kommunen og søkarar skal også kunne nytte rammeplanen til å finne ut kva dei kan forvente av haldning frå vegvesenet og fylkeskommunane ved etablering langs vegnettet.

Vegen vert vurdert etter trafikktryggleik, transportfunksjon, føreliggande planar, miljøtilhøve og tekniske standard.

Konklusjon og innstilling til klageinstans: Vårt avslag datert 13.08.2014, saksnr 2014070763, stadfestast med grunngjeving i ovannemnde utgreiing. Klagen vert ikkje tatt til følgje. Saka vert send over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Vedlagde dokument i saka:

Sak 2014070763

- Søknad om utvida bruk av avkjørsle datert 28.05.2014, avsendar Odd Bjelland
- Svar datert 13.08.2014, avsendar Statens vegvesen
- Klage på avslag datert 21.08.2014, avsendar Odd Bjelland

Vegavdeling Hordaland
Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Sindre Lillebø
Seksjonssjef